



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

OLE TVERBERG

Kleivdalsvegen 40B
5915 HJELMÅS

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1137 - 2	Ottar Myrtveit	15.06.2026

Delegert Teknisk utval, delegert saksnummer 45/2026

Melding om delegert vedtak - søknad om landingsløyve for helikopter i tidsrommet 01.09. - 13.12.2026

Viser til søknad motteken den 15.06.2026.

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak.

Masfjorden kommune gjev Midtre Haugsdal jaktvald v/Ole Tverberg landingsløyve på fjellet på desse vilkår.

1. Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: 01.09. – 13.12.2026 og inntil 2 hiv pr flygning.
2. Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdrag.
3. Masfjorden kommune skal ha melding om endeleg dato for flyginga når dette er fastsett.
4. Nord Helikopter skal varslast om vedtaket.

Heimel: Lov om motorferdsel i utmark §6

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28 – 36.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er sendt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn


Midtre Haugsdal jaktvald 4634V0017 v/Ole Tverberg søker om landingsløyve i del av jaktperioden: 01.09-13.12.2026 på fjellet på vegne av Midtre Haugsdal jaktvald. Ein søker om løyve til 2 hiv pr. flygning i denne perioden. Ein treng å transportera ut skotne dyr av hjort og vil nytta Nord Helikopter AS.

2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6: "Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan setja vilkår for tillatelsen." Masfjorden kommune har som praksis å gje løyve til helikoptertransport ved t.d bygging/vedlikehald av hytte/stølshus når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Grunna mange kg kjøtt, og stor avstand er andre løysingar enn helikopter vanskeleg, og er ikkje eit godt alternativ . Bruk av anna motoriserte køyrety vil med stort sannsyn medføre vesentlege sår i terrenget. Det aktuelle området sine naturverdiar, og for viltet skal ein og ta omsyn. Ein har likevel ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing i dette tilfellet får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Kommunen meiner at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Aktuelle berørte grunneigarar skal varslast om vedtaket. Søklar er ansvarleg for at landingsplassen er forsvarleg avstengt og sikra for utanforståande. Det skal flygast inntil 2 hiv pr flygning.

3. Fakta

Midtre Haugsdal har søkt dei siste åra om same landingsløyve. Dette har blir gitt, men minner om at teljande areal i indrefjorden går til 600 moh. (blå strek) Fjellområda rundt Smørdalssetret manglar eigeomsgrenser/har uavklarte grenser, men jakt i dette området er likevel greit, og ikkje i strid med regelverket då kommunen tek ei totalvurdering av kva som er rettast for å ha ei god forvaltning av hjorten også i dette området. Valdet har alltid hatt ein sær s høg fellingsprosent og god forvaltnig generelt. Med 26 løyver/år vil ein ta ut nokre dyr i fjellet for å ha ei god måloppnåing i planen. Grunna store avstandar må ein pårekna transport, og da med helikopter med inntil 2 hiv på flygning dette jaktåret.



4. Vurdering

Kommunen godkjenner søknaden sjølv om den kunne vore noko meir utfyllande. Med dei hensyn som går fram av vedtaket og i uttalen vil vedtaket vera i tråd med gjeldande regelverk som er nytta.

5. Konklusjon

Sjå vedtak

Med helsing

Ottar Myrtveit

landbruksrettleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne [eDialog](#) for å svare oss på dette brevet. Oppgi dette referansenummer 2026/1137 i klagen. Les meir om eDialog på [på vår heimeside](#).

